

Til deg som har søkt om vidaregåande opplæring 2010/ 2011

Til deg som har søkt om vidaregåande opplæring 2010/ 2011
På vigo.no kan du ta imot plass og søkje om stipend/ lån

Fram til 1. juli kan du endre telefonnr., mobilnr. eller e-postadresse på vigo.no. Du kan legge inn førehandssvar på vigo.no. Husk MinID.

Ca. 9. juli får du svar på 1. gongs inntak. Husk at du må svare på tilbud om plass og/eller venteliste plass. Svarfrist er 16. juli.

Ca 6. august får du svar på 2. gongs inntak. 10. august er svarfrist for 2. gongs inntak.

Når du tek imot skule/ lærlingeplass, er bør du søkje om stipend/ studielån med det same du tek imot plassen på vigo.no. Du finn lenkje frå vigo til lånekassa. Sjå meir info nede på denne sida.

Skulestart er 19. august.

For å finne ut kva for eit tilbod du har fått, må du logge deg inn på www.vigo.no. Du risikerer å miste tilbodet om plass og/ eller venteliste plass om du ikkje held svarfristen.

Søk om utstyrsstipend – alle med ungdomsrett får!

Alle elevar med ungdomsrett i vidaregåande opplæring får utstyrsstipend, same kor mykje foreldra tener. Hugs at du må søkje for å få stipendet.

Når kan eg søkje?

Du må takke ja til skoleplass før du kan søkje om stipend og/eller lån. Du kan ikkje søkje dersom du står på venteliste plass, du må vente til du har takka endeleg ja til ein skoleplass.

Kvar kan eg søkje?

- Du kan logge inn på vigo.no og søkje derifrå når du seier ja takk til skoleplass. Du loggar inn med MinID.
- Du kan søkje frå lanekassen.no. Du loggar inn med MinID.

Korleis får eg pengane?

1. Du sjekkar resultatet av søknaden på Dine sider på lanekassen.no. Logg inn med MinID.

2. Når søknaden er behandla, kjem svaret (stipendmeldinga) til skolen. Hent brevet der når skolen startar til hausten. Ingen får utbetalt pengar før skolen har starta.

3. For å få pengane til kontoen din må du skrive under på brevet (stipendmeldinga) og sende det tilbake til Lånekassen. Er du under 18 år, må også ein av foreldra dine skrive under.

2009.12.22 23:02